

Reguleringsmyndigheten for energi
rme@nve.no

Dykkar ref.: RME høringsdokument 3/2022
Vår ref.: / 1676104

22.09.2022

HØRINGSSVAR FRÅ LINJA AS

Vi viser til RME høringsdokument nr 3/22 med forslag om endringar i modell for kostnadsnorm og korrigeringsfaktor for rammevilkår.

Linja AS vil med dette knyte kommentar til høyringa.

Generelle kommentarar:

Innføringstidspunkt for nye rammevilkårsvariable

Bransjen og nettregeringa er i stor endring. Det er sannsynleg at det blir store endringar i referanseselskap etter fusjonar i bransjen, og det ligg an til å bli store endringar i oppgåvevariablar i DEA-analysen i trinn 1. Det kan spørjast om det er fornuftig å innføre nye rammevilkårsvariable basert på eit grunnlag som svært truleg vil vere vesentleg endra innan kort tid. RME bør vurdere å justere tidspunkt for innføring av nye rammevilkårsvariable. Truleg er det meir fornuftig å få samtidighet i endring av rammevilkår og oppgåvevariablar.

Metodikken sin robustheit og rimelegheit

Vi ser at RME sine berekningar basert på 2022 gjev store sprang i effektivitet hos enkelttselskap ved dei val av rammevilkårsvariable som no er foreslege. Vi ser og at RME har testa eit stort antal variable, og kombinasjonar av variable. Truleg er det ei rekke variable og kombinasjonar av variable som har relativ lik statistisk signifikans. For å få inntrykk av metoden sin robustheit og rimelegheit ville det vore nyttig med ein analyse over verknad for bransjen og enkelttselskap ved ulike kombinasjonar av variable med relativt lik statistisk forklaringskraft. Store endringar for enkelttselskap på bakgrunn av val av variable og kombinasjonar av variable bør etter vår meining vere nok eit signal om at større vektlegging av DEA og rammevilkårsjustering gjennom endring av vektlegging til 70/30 er uforsvarleg.

Lokalt distribusjonsnett

RME har utført eit stort og interessant arbeide rundt det å finne eigna datagrunnlag for rammevilkårsvariable. Ut frå eit høgt antal identifiserte rammevilkårsvariablar er det foreslege fire rammevilkårsfaktorar, tre av dem samansett av fire forskjellige variablar.

RME har identifisert variablar som kvar for seg vil kunne bidra til å forklare forskjell i kostnadsnivå mellom enkeltsselskap. Spørsmålet er om dei valde variablar forklarar heile den kostnadsforskjellen som skuldast rammevilkår, i det minste det aller vesentlegaste. Datasett for berekningane er relativt lite, og blir mindre og mindre. Det er grunn til bekymring for at krympande datasett kan få betydeleg innverknad på berekningane sin treffsikkerheit.

Lokal kraftproduksjon

I variabel for innmating av kraftproduksjon i lokalt distribusjonsnett samanliknar RME middelproduksjon dividert på levert energi mellom selskapa. Dette vil etter vår meining vere lite treffsikkert for å berekne forskjell i kostnadar mellom selskap. Kostnadspåverknad av småkraft vil sjølvstøtt vere avhengig av fleire faktorar, som til dømes

- Antal småkraftverk
- Størrelse på dei enkelte kraftverk
- Plassering av kraftverk i høve regionalnettstilknytning
- Størrelse på lokalt forbruk under nettet småkraftverket er tilknytt i forhold til størrelse på kraftverk
- Etc.
-

Vår erfaring er at det ved ny kraftproduksjon i lokalt distribusjonsnett ofte må byggast høgspennnett av ein dimensjon som er svært overdimensjonert i høve forbruket i området, og at nett må reinvestrast lenge før teknisk levetid for nettet er ute. Dette gjev dobbelt tap, det nye nettet med vesentleg auka kapitalkostnadar trekk effektivitet ned, mens svært «effektivt» nett med låge kapitalkostnadar som trekk effektivitet opp blir utrangert før tida. Dette ser vi er svært vanskeleg å gje eit treffsikkert bilete på med rammevilkårsvariabel basert på tal frå erapp.

Vi meiner kraftproduksjon i lokalt distribusjonsnett ikkje er eit rammevilkår, men ein oppgåvevariabel som bør inn i trinn 1 i reguleringa. Alternativt må det etablerast vektning av høgspennettet på liknande måte som i regionalt distribusjonsnett.

Regionalt distribusjonsnett

Dei to siste år har den nytta rammevilkårsvariabelen i regionalt distribusjonsnett ikkje vore statistisk signifikant, og har ikkje vore nytta til korrigering av DEA-resultatet. I det gjennomførte

arbeidet med å vurdere nye rammevilkårsvariable har RME heller ikkje identifisert andre rammevilkårsvariable som gjev tilstrekkeleg statistisk forklaringskraft.

I regionalt distribusjonsnett blir selskapa i trinn 1 samanlikna ut frå de fysiske komponentane selskapa har i sitt nett. Utan rammevilkårsjustering vil det vere slik at RME finn det rimeleg at det ikkje er forskjell i kostnad for å etablere og drifte nettanlegg ut frå geografi, klima eller andre faktorar.

Vår påstand er at dette ikkje er ei rimeleg vurdering, det er openbart forskjell i kostnadsnivå både i etablering og drift av anlegg ut frå ulikskap i rammevilkår.

Som t.d. Distriktsenergi peikar på er utvalet av selskap i regionalt distribusjonsnett relativt lite, og variansen i effektivitet i trinn 1 er stor, større enn i lokalt distribusjonsnett. Dette gjer det problematisk å finne statistisk forklaringsgrad. Truleg må det nyttast andre metodar eller kvantitative vurderingar som supplement eller erstatning for dagens metodikk.

Venleg helsing
Linja AS

Torgrim Øvrebø / Tittel
